



ARBEIDSPLAN SOGN OG FJORDANE UNGDOMSLAG 2021

Sogn og Fjordane Ungdomslag (SOFUL) er tilknytt Noregs Ungdomslag, stifta i 1896. Som del av ein leiande kulturorganisasjon innan frivilligheita i Noreg har vi ansvar for å ta vare på og fornye den tradisjonelle folkekulturen. SOFUL vart skipa i 1991 etter at Sogn Ungdomslag, Firda Ungdomslag og Sunnfjord Ungdomslag slo seg saman til eitt fylkeslag. I Sogn og Fjordane har vi i dag 21 aktive lokallag fordelt på 12 kommunar. SOFUL er såleis bindeleddet mellom Noregs Ungdomslag (NU) og lokallaga i Sogn og Fjordane.

Vi dekker friviljug kulturarbeid og bidreg med kursverksemd innan folkedans, folkemusikk revy, teater, idrett og andre typiske klubbaktivitetar for folk i alle aldrar. Einskilde lag i fylket har òg ansvar for kinodrift. SOFUL er viktig for ivaretaking av nynorsk gjennom publiserings- og mediearbeid og anna kulturelt arbeid for å verne om og ta vare på nynorsk som skriftspråk.

Når det gjeld Huset i Bygda viser vi til handlingsplan for HiB 2021.

Covid-19 viruset har som for mange andre frivillige organisasjonar satt sitt preg på SOFUL og HiB sine aktivitetar i 2020. Kulturdepartementet reknar førebels med at restriksjonar på kulturaktivitetar og arrangement varer fram til 30. juni 2021. Men smittesituasjonen kan òg gjere at restriksjonar vert vidareført etter dette.

Vi ser at lokallag slit med motivasjon og er usikker på korleis dei skal arrangere aktivitetar som både er meningsfulle for medlemmane, men òg innafor lovar og reglar når det Covid-19. SOFUL vil difor prioriterer informasjonsarbeid og medverke til tilrettelegging av aktivitetar som tek vare på det levande engasjementet vi finn blant våre lokallag.

Omfang og gjennomføring av arbeidsplan for 2021 difor vere avhengig av både utviklinga av koronaviruset og den generelle økonomien i SOFUL.

Kursverksemd

- Opplæring i organisasjonsarbeid, særleg relatert til Covid-19.
- Opplæring i søknadsskriving, kursmidlar mm.
 - o Samarbeid med Studieforbundet Vestland (SKT Vestland). Her har vi m.a. avtalt seks digitale søknadskurs i 2021.
- Utvikle kurs tilpassa lokallag og deira behov (t.d. aktivitetar som bunadssyng, scenearbeid mm.)
- Delta på relevante fora for å informere om SOFUL/NU og anna relevant informasjon til lokallaga. M.a. vil vi tilby digitale møte med lokallaga i 2021.
- Vi vil òg auke merksemda på lokallaga i Nordfjord, m.a. vil vi undersøke kva behov lokallaga her har i 2021.
- Formidle informasjon på e-post og Facebooksida til SOFUL om aktuelle søknadsordningar, gode døme og aktivitetar



Barne og ungdomsarbeid

- Bornestemne. SOFUL innleia i 2019 samarbeid med Hordaland UL om fylkesbarnestemne og vil vidareføre dette samarbeidet med felles barnestemne. Pga. Kovidpandemien vart stemnet avlyst i 2020. Vi er i dialog med HUL om barnestemne hausten 2021. Smittesituasjonen kring Covid-19 er uavklart og det er vanskeleg å planlegge arrangement fram i tid. Arrangementet vil difor vere avhengig av smittesituasjonen og om vi får lokallag til å ta på seg ansvaret.
- Teater og scenearbeid. Vi har etablert samarbeid med Balestrand Ungdomslag om å medverke til utvikling av improteater i Sogndal kommune. Etter kommunesamanslåinga er det viktig med aktivitetar som medverkar til auka felleskapskjensle i heile kommunen og vi voner at dette er eit godt tiltak. Om det fungerer vil vi sjå om det er mogleg å bruke erfaringane både i Nordfjord og Sunnfjord. Vi vil og sette av stimleringsmidlar til aktivitetar retta mot barn/ungdom som lokallaga kan søke på.
- Ungt demokrati (NU). Organisasjons- og demokratiopplæring for framtidige lokallagsleiarar er viktig satsingsområde i ungdomslagsrørsla. Avhengig av smittesituasjonen vil SOFUL prioritere dette arbeidet og har satt av midlar for å dekke reisekostnadar til lag som ønskjer å sende ungdom på opplæring.
- Sommarleir (NU). Sommarleiren er eit populært stemne i regi av NU der medlemmer frå heile landet møtast. Det er viktig at unge lokallagsmedlemmer kan møte og skape nye fellesskap. Her skaper òg Covid-19 stor usikkerheit, men SOFUL har satt av midlar for å sponse reisekostnadar.

Ivaretaking av nynorsk gjennom publiserings- og medicarbeid (kulturelt mangfald)

Ved å legge til rette for kulturhistorisk og litterært stoff frå lokale skribentar gjennom publiseringsverksemd, er SOFUL viktig bidragsytar til å ivareta nynorsk som skriftspråk og det kulturelle mangfaldet i fylket. Samstundes er dette med på å gje ei stemme til dei som kanskje ikkje elles når ut til eit større publikum. Publiseringverksemda er såleis et viktig bidrag for å dokumentere liv og levnad i dei mange små og store bygde- og grendelaga i Sogn og Fjordane. Historiene er ofte skrivne av dei som opplevde eller har eit nær kunnskap om hendingane.

SOFUL har i mange år vore ansvarleg utgjevar for Jol i Sogn. I 2018 tok vi over ansvaret for Jul i Sunnfjord etter at heftet var nedlagt i 2014. Begge hefta er populære, både i Sogn og Fjordane, men og blant utflytta sogningar og sunnfjordingar.

Aktivitetspris til aktive lokallag

Dette er ein viktig påskjønning til lokallag som har gjort noko ekstra det føregåande året. Prisen vert normalt delt ut på årsmøtet til fylkeslaget og består av eit diplom og 4000 kroner. I 2020 var Stadlandet Ungdomslag prisvinnar.

Samarbeid med andre aktørar

SOFUL samarbeidd tett med andre aktørar der det er naturleg, som Vestland fylkeskommune, Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og Hordaland Ungdomslag. Vi samarbeider òg tett med Studieforbundet Vestland.

SOFUL ønskjer å bygge vidare på den rike lagstradisjonen som ungdomslagsrørsla har, og vil forsøke å vidareutvikle samarbeidet med programmet Rom for ord. Her var det ikkje mogleg å legge til rette for arrangement i 2020 pga. koronakrisa, men vi vil forsøke på nytt i 2021. Her vil vi fokusere på



ungdomshusa som litteratur- og debattarenaer. Viktige stikkord i eit slikt prosjekt er litteratur, framsyningar, debatt og den gode mangfaldige diskusjonen.

Styre- og mediarbeid

- Christoffer Knagenhjelm er styremedlem i Førdefestivalen og varamedlem i SKT Vestland. Styret ser på dette som viktig profilering og ivaretaking av SOFUL sine interesser.
- Styret prioriterer mediarbeid. SOFUL er engasjert i den offentlege debatten for å setje fokus på det frivillige kulturlivet og vil prioritere dette arbeidet også i framtida.